



## Elektronisk post

Frå: Teknisk eining

Til: Hordaland Fylkeskommune, Boks 7900, 5020 BERGEN

Vår ref.: 14/1118-6


Dato: 18.11.2014

Arkiv: N-511, TYPE-A, GBNR-035/0005, GBNR-035/0114

### Innhenting av uttale til dispensasjonssøknad for tiltak på gnr 35 bnr 5, 114. Avkjørsel frå fylkesveg

Viser til søknad om dispensasjon og byggeløyve til etablering av ny avkjørsel frå fylkesvegen til gnr 35 bnr 5, 114. Einebustadeigedomen 35/114 har tilkomstveg over 35/5, og tiltakshavar synest vegen er lang og dårleg. Tiltakshavar søker om dispensasjon og byggeløyve til å lage ein ny avkjørsel frå fylkesvegen samt oppføring av ny natursteinsmur for utviding av tilkomstvegen til 35/114. Kjosås Maskin as søker om ansvarsrett som ansvarleg søker, prosjekterande og utførande i tiltaksklasse ein. Føretaket har sentral godkjenning.

Utsnitt av situasjonskart.






Planstatus.

Eigedomen er regulert i gjeldande reguleringsplan for Krossen-Børvenes godkjent 29.11.1988. Reguleringsplanen har lagt opp til ei anna vegtilkomst. Utsnitt reguleringskart:



Tiltaket er i strid med gjeldande reguleringsplan, og dispensasjonssøknaden er grunngjeve med følgjande:

Bakgrunn:

 Einebustaden på Gnr 35 Bnr 114 har i dag ein svært lang og dårleg tilkomsveg over eigedomen 35/5(Figur1). Tiltaket omfattar ny avkjørsle frå fylkesvegen, samt oppføring av ny natursteinsmur for utviding av tilkomstveg til Bnr 114. Ein søker difor om dipensasjon frå løysing som vist i gjeldande reg.plan.

Sidan gjeldande reguleringsplan for området vart vedteken på slutten av 80-talet (Reguleringsplan «Krossen – Børvenes» PlanID 19880004) har det vore meininga at tilkomst til eigedomen skal løysast gjennom utbygging av ny veg til området (Figur 2). Eigedomen ligg også nært fylkesvegen som også er regulert i same reguleringsplanen. Når ein no har valgt å leggja fylkesvegen i tunnel gjennom Børveneset ser ikkje tiltakshavarane at det nokon gong kjem til å verta utbyggd slik reguleringsplanen viser.

Gardsbruket 35/5 nyttar teigen på sjøsida av vegen i drifta og vil gjennom ei ny avkjørsle som vist på situasjonskartet (Vedlegg D1) lette drifta samt minske trafikken gjennom tunstrukturen i Børvevegen(Figur 3)

Ved å gje bruka 5 og 114 dispensasjon frå arealplanen og moglegheit til avkjøyring som vist på situasjonskartet vil ein sikra tilkomsten på ein god måte. Føremålet i reguleringsplanen slik dei vart planlagde då fylkesvegen fortsatt var tenkt rundt Børveneset vil ikkje verta tilsidesatt då dei ikkje kjem til å verta gjennomførte slik planen tilseier uansett. Føremona ved ein dispensasjon vil derfor vera kun positive.

Nabomerknader.



Rådmannen kjenner ikkje til nabomerknader.

Førehandsvurdering:

Pb-lova § 19-2 opnar for å gje dispensasjon på vilkår av at tiltaket ikkje set intensjonen med pb-lova § 1-1 eller gjeldande planar vesentleg til sides. I tillegg må fordelane vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Rådmannen kan ikkje konkludere i dispensasjonsspørsmålet før saka har vore på høyring til statlege og regionale etatar. Ein førebels vurdering er at avkøyrse og tilkomstvegen ikkje set intensjonen med reguleringsplanen vesentleg til sides. Regulert veg føl oversida av eigedomen 35/114, medan omsøkt tilkomstveg går inn i nedre kant av eigedomen. Det er kort avstand frå fylkesvegen til gnr 35 bnr 114, og ny avkøyrse gjer det truleg ikkje vanskelegare å gjennomføre regulert tilkomstveg.

Det vert argumentert med at Børvenestunnellen gjer det enklare å akseptere avkøyrse direkte til fylkesvegen. Statens vegvesen har tidlegare nekta avkøyrse frå dette punktet langs fylkesvegen jamfør brev frå Statens vegvesen datert 16.8.2000 (refnr 2000/04089-001). Siste brev om stenging/opning av avkøyrse er datert 27.juni 2014 og sendt frå advokat Kjell Inge Gade til Statens vegvesen. Viser til arkivsak 00/1456 i Kvam herad sitt digitale sak/arkivsystem websak. Alle dokument er tilgjengeleg på [www.kvam.no](http://www.kvam.no) under fanen for Postlister/Innsyn/Saker. Rådmannen avventer uttale frå vegvesenet i dette spørsmålet.

Tiltaket er ein fordel for tilkomstvegen til bustadeiegdomen. Naboeane har gitt sitt samtykke til tiltaket i forbindelse med nabovarsling, og rådmannen ser ingen store ulemper med tiltaket så langt.

Dersom det ikkje kjem sterke innvendingar mot tiltaket frå vegvesenet kan det sjå ut som om vilkåra for dispensasjon er oppfylt i saka. Det vert dermed opp til Kvam nærings-, plan- og byggingstutval å ta stilling til dispensasjonssøknaden.

Ber om uttale innan 4 veker.

Leiar byggesak og geodata  
Bjørn Vik

Vedlegg

- 1 dispensasjonssøknad
- 2 oversiktskart
- 3 flybilette
- 4 kommuneplan (to pdf filer)
- 5 reguleringsplan (to pdf filer)
- 6 kart og teikningar